

Usemjø, opphavsrett og teikneseriar

Om barns ytringar i djupt alvor¹

Synnøve Matre

Å lytte til barn gir mykje glede og mange tankar. Å ta ytringane deira på alvor og gå inn i dialog med dei gjer at vi lærer og forstår barna og kanskje også oss sjølve og verda kring betre. Dei tre små essaya som eg presenterer her, har alle blitt til som følgje av verbale innspel frå barn. Ytringane deira, munnlege og skriftlege, har fått meg til å stoppe opp og tenkje, dei har fått meg til å revurdere ureflekterte oppfatningar, til å undre meg, til å sjå nye samanhengar og parallellar, til å assosiere til forhold i vaksenverda. Kort sagt, møte med barns innspel har gjort mi eiga verd litt større.

”jammen ...”

”jammen” er eit viktig ord.

- jammen kofor skal det vere slik?
- jammen det stemme ittj
- jammen du sa jo at

Det er eit krevjande ord. Kven er det ikkje av foreldre og lærarar som blir trøtte når rekkja av jammen-ytringar renn ut av barnemunnen? Likevel er det eit ord som ein ikkje får lov til å bli trøtt av.

Kva er det eigenleg barna har føre seg når dei kjem med sine ”jammen”? Ordet varslar opposisjon. Barna signaliserer at dei lurer på noko, at dei er usamde i noko eller at dei har eit eller anna tillegg å kome med.

¹ Essaya har tidlegare vore publiserte i *Adresseavisen* under den faste spalten ”På sidelinjen”. Adresseavisen er den største avisa i Midt-Noreg, med sete i Trondheim.

Barn som opponerer blir fort sett på som obsternasige. Motsatsen, det å tilpasse seg, har ein betre klang. Å vere tilpassingsdyktig – det er bra! Men skal det vere slik?

Når andreklassingen Brage skal skrive ned viktige tankar med løkkeskrift – og slit, utbryt han indignert: ”Jammen det går ittj an å skriv slik!” og når femåring Hilde insisterer: ”Jammen indianeran er myttji bedre enn cowboyan dem”, så handlar det ikkje om å vere obsternasig. Barna reagerer på krav og synspunkt som dei finn urimelege. Det handlar om ekte og sunt engasjement og om at ungane ofte rett og slett har rett.

Nyare forsking fortel at opposisjon og læring heng tett i hop. Det å ytre seg kritisk er til dømes den sikraste måten å få i gang utforskande samtalar på. Ei jammen-innvending kan vanskeleg stå utan svar. Vi ser at det ofte er først når nokon opponerer at samtalar skyt fart. Samtalar som gir rom for opposisjon blir aldri kjedelege, og ofte fører dei til spennande utforsking av tema, slik som då Janne ganga 6 med 0,5 og fekk 3 til svar: ”Jammen det går da ittj. Når vi gange ett tall med et anna, så kan vi ittj få et tall som er minder! Det går bare ittj!” Samtalen som følgde dette innspelet, vart intens og lærerik både for Janne og klassekameratane hennar.

Foreldre og lærarar skal vere glade for jammen-ytringar. Når slike ytringar blomstrar blant barn, fortel dei at dei vaksne har lukkast med noko viktig, nemleg å ta vare på nysgjerrigheita til barna – sjølv om usemja av og til endar i krang. Innvendingane fortel om barn med eit aktivt forhold til verda ikring og eit sterkt ønskje om å forstå. Slike haldningar gir det beste utgangspunktet for å lære.

Av og til har dei små ungane ikkje noko anna å innvende enn dette eine ordet ”jammen”. Ordet vert hengande i lause lufta, utan noko som helst konkretisering – som eit stort uspesifisert spørsmål og som eit signal om at dei treng tid til å tenkje seg litt om. Barnet ber om eit friom.

”jammen” brukt på denne måten kan stundom minne om ”eg skal berre ...”, ei vending som også fungerer som ei form for opposisjon: Akkurat no vil eg ikkje gjere det andre forventar. Eg vil ikkje føye meg, lystre, tilpasse meg. Her handlar det også om å skaffe seg friom. Slik som Albert Åberg som berre skal skifte hjul på Mercedesen sin, lese litt om slangar og reparere den nye boka før han tar fatt på morgonritualet, slik faren forlangar. Eller slik som Sølve som heller ikkje er heilt klar til å skunde seg til barnehagen: ”Æ skal bare drøm ferdig drømmen min først”. Det Albert og Sølve gjer, er å be om friom til å utforske eigne idear og tankar i fred.

Eg trur at barn som får utfalte seg med sine mange ”jammen” og ”eg skal berre ...”, tar med seg viktig ballast vidare. Ingen tanke blir klår utan motførestillingar, og barn treng *tid* til tankane sine. Ein kan håpe at dei seinare tar dei kritiske spørsmåla med seg inn i samfunnsdebatten. ATTAC, Natur og Ungdom, PRESS og andre organisasjonar treng dei.

Opposisjon er nødvendig både i barns utvikling – og i det politiske livet. Demokratiet fungerer ikkje utan opposisjon. I diktatur er all opposisjon knebla. Ein meir skjult fare lurer når politiske stemmer smeltar saman og kritiske spørsmål uteblir. Det er det vi ser i Noreg i dag. Det er vanskeleg å skilje synspunkta til dei største politiske grupperingane. Vi blir i tvil om kva som skil AP og Høgre. Den passiviteten og likegyldigheita som vi ser i kjølvatnet av denne utviklinga, er lumsk. Ein sterk opposisjon og ein levande debatt er den einaste garantien vi har for at demokratiet skal overleve.

”jammen” er eit fint ord.

Opphavsrett og raudblyant

På skolen i tredje klasse skriv Tom på åtte år:

”krig er farlig grig ødleger
jora vår krig drepper
menesker de bruker atonvåpen
også enkelte menesker har ikke
mat i det hele tatt
å har ikke nå hus å
bo i hele i ulandene har
de ikke vann heller ikke
bill heller å må bare
brukke tømerståker till bill
de må drikke kitat vann
menn dem i danmark har
både vann og bill o mat
og har motor sykkell”

Tom skriv med stort engasjement og alvor. Det er sterke tankar han formidlar.

I norsk skole har vi ein lang tradisjon for å møta barn og unge sine tekstar med raudblyant. Vanlege lærarkommentarar er: Dette var bra, men hugs at bil skrivest med *ein* 1. Eller: Fint, men hugs punktum og stor bokstav. Lengre opp i klassane blir det gjerne: Du kan betre. 7 feil.

Vi tar imot tekstane til barna som øvingsstykke i rettskriving. Når Jon Fosse derimot har skrive ein ny tekst, forstår vi alle at vi ikkje kan lese teksten hans med retteblyant og føreslå endringar – sjølv om han gjentar seg aldri så mykje. Det same gjeld Kjartan Fløgstad, sjølv om han skriv ein heil roman utan avsnitt; eller Dag Solstad som i lange periodar ikkje set punktum og heller ikkje alltid bryr seg med stor bokstav.

Vi viser også respekt for Håkon Bleken og Håkon Gullvåg si bilet-ytring på Svartlamoen i Trondheim, veggbiletet skapt i djupt alvor og indignasjon, for å hindre riving av dei gamle bustadane. Som etablerte kunstnarar fekk uttrykket deira ekstra makt. Opphavsretten gjorde det vanskeleg å rive biletet – og hus. Denne lovfesta retten skal verne personar som har ytra seg, og produkta deira. Han formidlar krav om respekt for ytringar skapte med eit visst minimum av individuell åndsinnsats, som det heiter.

Men når og kor byrjar denne respekten? Må ein ha blitt akseptert på haustutstillinga for å kunne nyte godt av opphavsretten? Må teksten ha passert nålauga til konsulentar i forlag? Eller startar respekten ved barn som har skapt ein tekst eller ei anna ytring i djupt alvor?

No er det rettnok slik at barn ikkje alltid involverer seg like sterkt i alle tekstane sine. Av og til har dei det for travelt med å koma seg på fotballtrenings og rekk ikkje meir enn fire setningar. Andre gonger ønskjer læraren noko anna enn eleven. Men oftast så skriv barn i djupt alvor. Dei *vil* noko med tekstane sine. Dei øver seg ikkje berre. Det gjeld 13-årige Lise som skriv dikt:

”Eg smila til deg
og du lo berre.
Eg snakka til deg
og du lo berre.
Eg sa at eg var glad i deg.
Du lo berre.
Det rann tårar på kinna mine
og du lo berre.
Kvífor lo du?”

Og det gjeld sju år gamle Tore som lovprisar våren:

”eg kan sykle og eg
kan ver i hyta
mi og eg kan
spikre hytami ferd
ig og eg kan
sole meg og ha
pleimon ute og legon ute
eg kan bade i vanspreder
og den hyta mi er atme
varandan og biene kjem
at og når eg voknar
da hørar jeg fugle
san ga og
det blir lysere
og is og snøen smeltar
og så kan eg plok
en blomster og kansje eg
kan få ein is.”

Slike tekstar møter vi ikkje med ordliste og grammatikk. I staden spør vi: Kva er det Lise og Tore vil seie oss? Det handlar om respekt for barna, respekt for skaparevna deira. Vi syndar ofte mot det eg gjerne vil kalle barns opphavsrett.

Alle vi som skriv, veit kor sårbare vi er når vi gir frå oss ein tekst. Vi er redde. Det er ein bit av oss sjølve vi gir frå oss. Vi blir glade når teksten har gitt andre noko å tenkje på.

Vi må vise at vi set pris på det ungar skaper. Det gjer vi ved at vi tar resonnementa og meiningsane deira på alvor, at vi spør når det er noko vi ikkje skjørnar, at vi rosar godt språk og kjem med råd når formuleringar og rettskriving skurrar. Slik inspirerer vi til nye tekstar skapte i djupt alvor. Slik skaper vi gode skrivarar, trygge språkbrukarar som liker å uttrykkje seg og som torer å bruka stemma si offentleg, sjølv om ”plassere” skulle vere skrive med ein s og ”aldri” har fått hengt på seg ein unødvendig g.

9A ved Huseby ungdomsskole har nyleg vist at tiltru til barns skriveevne gir resultat. Nyleg lanserte dei boka med den flotte tittelen ”Englehår og kråketær” der alle ungdommane i klassen bidrar med eigne litterære tekstar. I Kulturbeite på NRK P2 omtala biblioteksjefen i

Trondheim ungdommane som modige. Det er modig å publisere tekstar under fullt namn. Boka er bygt opp kring metaforane ”fotfeste” og ”reise”. Å leite for å finne dei rette uttrykka og skape den rette forma er som ei reise for å finne fotfestet sitt, seier dei i føreordet. Det er vel dette all skriving, ja, all språkbruk handlar om: å forstå seg sjølv og verda betre. Slik arbeid krev respekt.

I begynnelsen var bildet

Då vi for nokre veker sidan pakka feriekofferten, oppstod følgjande vesle dialog mellom mor og tenåringsson:

Mor: Kva lesestoff har du tatt med deg i år?

Son: Ein del teikneseriehefte

Mor: Greitt det, men kva med skikkelege bøker då?

Reaksjonen let ikkje vente på seg: Er ikkje teikneseriar skikkelege nok? Kva veit du forresten om teikneseriar? Når las du ein teikneserie sist?

Åtaket kom brått, men eg vart likevel ikkje vippa av pinnen. Det var nemleg ikkje så lenge sidan eg hadde lese Tommy & Tigeren. Dessutan var eg godt kjend med både Asterix og Donald Duck, og til og med Pondusstripa i Adresseavisen hadde eg fått med meg. Guten var ikkje imponert. Ein norsklærar bør vere betre orientert enn som så, fekk eg vite! Slik var det at *min* ferielektyre vart supplert – med ei rekke nyare teikneseriealbum signerte Will Eisener, Neil Gaiman, Jason, Enki Bilal, Lise Myhre, Frode Øverli – for å nemne nokre.

I løpet av ferien har eg lese, tenkt, undra meg – og lært. Guten og eg har hatt tankevekkjande samtalar. Lesinga mi på kryss og tvers har vore som ei danningsreise i eit nytt litterært landskap – eit landskap eg gjekk inn i med stor skepsis, men som så gradvis har skifta over til fascinasjon.

Eg møtte eit stort mangfold av tekstar. Realistiske og fantastiske. Humoristiske, science-fiction-prega, historiske, politiske og ikkje minst filosofiske. Frå det banale til det nærast geniale. At Jason sin serie ”Vent litt” med sin naive forteljarstil skulle fange meg så sterkt, hadde eg ikkje trudd. Dei enkle, stiliserte bilda – heilt utan ord, dei humoristiske innsлага saman med det djupt alvorlege temaet går Erlend Loes naivisme ein høg gang. For meg vart leseopplevinga sterk. Eg vart sitjande og humre,

samstundes som ubehaget la seg klamt over meg. Andre og tredje møte med serien var like spennande som det første. Nye detaljar dukka opp, og med dei nye assosiasjonar – og historia utvida seg.

”Jimmy Corrigan or The Smartest Kid on Earth” av C. Ware var med sine enkle bilde overraskande krevjande å gå inn i. Serien utfordra meg som leser. Men sjølv om det var mykje eg ikkje forstod, hadde eg utbytte av å lese. Innimellom hadde historia eit klårt Kafka-preg. Bilda hadde ei stemning som minna om den vi finn hos bildekunstnaren Edward Hopper. Eg måtte stoppe opp og smake på nokre bilde på same måte som ein smaker på gode setningar.

I fleire av seriane kosa eg meg med å oppdage rike innslag av intertekstualitet, av samspel med kjende tekstar. I Sandman-albuma til Neil Gaiman dukkar såleis forteljinga om Orfeus og Euredike opp. Musene for litteratur og kunst er der også, og vår eigen norrøne Loke glir fint inn i handlinga. Det er langt frå desse seriane til seriar som omhandlar snakkande ender og latekskledde superheltar.

Teikneseriar har jamt vorte stempla som noko mindreverdig. Bilde og tekst vert sett på som høgverdige uttrykksformer kvar for seg, men ikkje når dei vert kopla saman. Teikneseriar har først og fremst vore knytt til barn og barnslege vaksne, med hovudføremål å underhalde. Ein har mellom anna vore redd for at teikneseriane skal ta over for boka. Men det er ingen grunn til frykt. Teikneserien vil aldri bli noka erstatning for boka. Han er eit eige medium som fortel historier på ein annan måte enn boka, slik også filmen gjer, slik teateret gjer og slik høyrespelet gjer.

Å fortelje ved hjelp av bilde gir store muligheter. Det er desse dei mange teikneserieskaparane av i dag arbeider med å utforske. Dei sprengjer grenser og prøver å gå opp nye stiar. Det er få gamle fotspor å følgje. Det er nærliggjande å trekkje parallellar til filmen. Dei første åra var det mest blautkakekasting og ”mann spring etter mann” som gjekk føre seg på lerretet. Men etterkvart vart dei ulike mulighetene det nye mediet gav, prøvde ut. No er det knapt nokon som ser på filmen som mindreverdig. Teikneserien har enno eit stykke veg å gå. Utfordringa ligg i å halde ved like den krafta teikneserien representerer som noko *annleis*, som ein motkultur på kanten av det kulturelt akseptererte.

Bilde er eit moderne medium. Samstundes er det også verdas eldste medium. Dei første skriftspråka var såleis bildespråk. Egyptarane sine hieroglyfar, skriftspråket til kinesarane og til mayafolket var alle i utgangspunktet reine bildespråk. Helleristningane er eit anna døme på bruk av bilde for å formidle eit bodskap, og likeeins grafittien som vi finn på

Usemjø, opphavsrett og teikneseriar. Om barns ytringar i djupt alvor
Synnøve Matre

vegger og murar i det gamle Pompeii. Å skape teikneseriar og meddele seg ved hjelp av bilde har røter langt tilbake.

Så kanskje hadde evangelisten ikkje heilt rett då han skreiv at ”I begynnelsen var ordet”. Sommarlektyren min har fått meg til å tru at det like gjerne var bildet som kom først.

Synnøve Matre
Høgskolen i Sør-Trøndelag
Avdeling for lærar- og tolkeutdanning
Jonsvannsveien 82
N-7050 Trondheim, Norge
e-post: synnove.matre@alt.hist.no